

Spørsmål til fylkestannlegen om tilgang til tannbehandling for ikkje-prioriterte grupper ved dei offentlege tannklinikkane i Hordaland

Spørsmålsstillar har fått kjennskap til eit tilfelle der ein vaksen har teke kontakt med tannklinikken på Manger med ynskje om tannbehandling. Vedkomande fekk svar om at klinikken på grunn av låg bemanning ikkje tek imot andre pasientar enn dei som etter lova har krav på offentleg tannhelseteneste.

På heimesidene til Hordaland fylkeskommune står det:

I tillegg til dei prioriterte oppgåvene gir vi tilbod om behandling til vaksne, betalande pasientar ved dei fleste klinikkane, avhengig av kapasitet. Vaksne betalande betalar etter offentlege takstar fastsett av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune.

På bakgrunn av dette ynskjer eg difor å stilla fylgjande spørsmål til fylkestannlegen:

1. Er bemanningssituasjonen på Manger slik at klinikken ikkje har kapasitet til å gje tannbehandling til ikkje-prioriterte grupper i det heile, eller er situasjonen slik han vert skildra over berre mellombels?
2. Kva er situasjonen for dei andre offentlege tannklinikkane i fylket når det gjeld å kunne tilby tannbehandling til ikkje-prioriterte grupper? Er det stor skilnad på by- og distriktsklinikkane?
3. Kor mange vaksne, betalande pasientar nyttar seg av tannbehandlingstilbod i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland?
4. Er det slik fylkestannlegen ser det mogleg å auke talet på vaksne, betalande pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Hordaland ytterlegare?

Bergen 22.03.2017

Alexander Fosse Andersen (Sp)

Medlem i Utval for opplæring og helse